

Fråsegn frå årsmøte i Sogn og Fjordane Venstre, Hornindal 12. februar

Til Samferdselsdepartementet ved Samferdselsminister Liv Signe Navarsete

Sogn og Fjordane som prøvefylke for gratis ferjer

Regjeringa har varsla prøveordning med gratis ferjer. Fylkesårsmøtet i Sogn og Fjordane Venstre krev at samferdsleminister Liv Signe Navarsete peikar Sogn og Fjordane ut som prøvefylke for ordninga.

Ordninga med gratis ferjer er kostnadsrekna til om lag 1.3 milliardar kroner. Møreforsking har åtvare mot at kostnadane vil bli langt høgare om ein gjennomfører ei slik ordning fullt ut fordi auka etterspurnad vil krevje større ferjer og såleis drive kostnadane opp. Særleg vil dette gjelde ved storbynære stamvegsamband. Slike samband har ikkje vårt fylke, og vi har mange samband med mykje ledig kapasitet.

Sogn og Fjordane har størst eksportinntekter pr innbyggjar, og er heilt avhengige av ferjer for å få varene til marknaden. Næringslivet vårt har etter måten svært høge utgifter til ferjer og bompengar for å få varene ut på verdsmarknaden. Gratis ferjer vil då vere eit positivt verkemiddel for å redusere utgiftene.

Sidan vi er eit dyrt fylke med omsyn til bompengar vil også reiselivet bli styrka om ein innfører ei prøveordning med gratis ferjer.

Venstre meiner difor at det er eit rettmessig krav å gjere Sogn og Fjordane til prøvefylke for gratis ferjer.